



**Det har kome rundt rekna 25 centimeter snø i går kveld og inatt og brøyteberedskapen i bygda vart difor sett på prøve. Men det viser seg at den er langt betre enn i fjor, då det oppsto nærmast kaos etter det første snøfallet ved desse tider. Men så kom det da også ein mykje større snømengde enn no på stutt tid.**

No har oppsittarane i alle fall i deler av Uskedalen inngått avtaler med brøytarar slik at både dei og brøytarane er skikkeleg førebudde.

Og avtalene har allereie vore i vellukka funksjon. Til dømes har Olav Hjetland Bringedal vore tidleg ute med strøing tidlegare og med bøyting grytidleg i dag.

På vårt bilete eer det brøyteveteran Birger Myklebust som er i arbeid på morgonkvisten.

Han gjer som alltid ein stor innsats med brøyting fram til eigedomar på Neset.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen